



## Bokanmeldelser

Egil Bakka, Theresa Jill Buckland, Helena Saarikoski & Anne von Bibra Wharton (eds.), *Waltzing Through Europe: Attitudes towards Couple Dances in the Long Nineteenth Century*. Cambridge, UK: Open Book Publishers, 2020, <https://doi.org/10.11647/OPB.0174>

Siri Mæland

*Waltzing through Europe* er ei redigert samling med valse- og polkaartiklar frå medlemmar av ICTMs studiegruppe i Etnokoreologi (International Council for Traditional Music's study group on Ethnochoreology). Dei har samla seg i ei understudiegruppe for runddanstradisjonen som oppstod på 1800-talet, og dei har halde på med forskingssamarbeidet sidan 2003.

Professor emeritus ved NTNU, Egil Bakka er leiar for understudiegruppa, og er også hovudredaktør og med sine fem artiklar den som har skrive flest i boka. Hans fire innleiande artiklar viser at Nordisk forening for folkedansforskning sitt forskingsarbeide som vart publisert i boka *Gammaldans i Norden* (Urup et al., 1988) er unikt i Europeisk samanheng. I denne nye publikasjonen vert dette arbeidet hovudsakleg sett i samanheng med forsking frå tyskspråkleg område. Sjølv om runddansparadigmet kan seiast å ha eit tysk og slavisk opphav, er forskarane i denne publikasjonen meir opptekne av å sjå på fenomenet ut frå sjølve danseformene, struktur og organisering, enn opphav eller musikalsk sjanger.

Publikasjonen omhandlar haldningane til, reaksjonane og samværdsdansinga av pardansane vals og polka i ulike Europeiske område: Böhmen, Tsjekkia, Ungarn, Slovenia, Kroatia, Estland, Finland, Sverige og Norge både i øvre og lågare klassar. Ein artikkel omhandlar også valsen sin status

i dei ulike Europeiske hoffa på 1800-talet, og ein artikkel omhandlar Johann Strauss den eldre si internasjonale spreiing av vals som dansemusikk i storbyane, både gjennom store turnear og notar. Alle artiklane har historiske komponentar, medan nokre få omtalar runddansen som fenomen i dag. Det er ei interessant spennvidde i artiklane. Sjølv om ein på den eine sida kunne ønskja at den same haldinga til fenomenet vals og polka vart undersøkt i ulike regionar i Europa, gjev denne antologien på den andre sida ei spennvidde av ulike haldingar knytte til runddansfenomenet med tema som nasjonalsymbol og patriotisme, (ungdomsmeleg) dansemote i bygd og i ballsalar, og djevelsk synd og forbod. Her er mykje tematisk inspirasjon å hente for dei som ønskjer å skrive fortidig eller samtidig runddanshistorie.

Publikasjonen peiker framover. Dette er første bokprosjektet om runddansen fullført frå ICTMs studiegruppe i etnokoreologi, som fortsett arbeidet etter denne publikasjonen. Kanskje bryllaupsvalsen som for dei fleste Europeanar er eit kjent fenomen, men som også er eit verdsomspennande samtidig fenomen, kunne fortent si eiga bok? Dette fenomenet får lite plass i denne boka, eit fenomen som kunne blitt samanlikna mellom landegrensene ved artiklar liknande den danseforskaren Inger Damsholt har gjort for bryllaupsvalsen i Danmark (Damsholt, 2020). Koreomusikalsk forsking – forsking på forholdet mellom musikken og dansen, musikk og dans som eit einskapleg fenomen er i vinden for tida. I denne samanhengen kunne dei musikalske parametrane sett i samanheng med dansen vore spennande å utforska, eit tema dei også peiker på sjølve. Med det sagt, ei bok som omhandlar sjølve dansen og dansinga av dansekunniige skribentar er sjeldan vare og bør dyrkast i seg sjølve. Mykje av europeisk historie handlar om politisk og industriell historie, landområde, krigar og om kjente personar og årstal. Denne boka er dagsaktuell i historieforståinga av at historia bør skrivast om «vanlege folks» gjøren. At dansen har betydd, opprørt og engasjert vanlege folk (låg som høg) i Europa, viser denne boka til fulle.

Å lesa og forstå ei bok som handlar om rørsler kan vera krevjande, men her vert lesaren godt ivareteken. Boka er godt illustrert og QR-kodar og nettlenker vert brukt gjennomgåande slik at lesaren kan sjå film av dansane som vert omhandla. Boka er godt organisert, oversiktleg og det engelske

språket er lettlest. Lesaren vert godt ivaretaken også når det gjeld definisjoner og forklaringar på fagtermar. Alle kapitla og artiklane har underoverskrifter som organiserer kvar artikkkel og dei har alle ei oppsummering til slutt. Boka er i tillegg lett tilgjengeleg, publisert som ho er på *Open Book Publisher* sine nettsider. Boka kan lastast ned gratis som pdf, eller kjøpast i fysisk bokformat. Denne meldaren rår å gjera det eine eller andre.

## Referanser

- Damsholt, Inger. (2020). The Brudevals, ‘Danishness’ and lived reality. *Nordic Journal of Dance*, 11(1), 16–27.
- Urup, Henning, Sjöberg, Henry & Bakka, Egil. (1988). *Gammaldans i Norden. Rapport frå forskningsprosjektet Komparativ analyse av ein folkeleg dansegenre i utvalde nordiske lokalsamfunn*. Nordisk forening for folke-dansforskning.